

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Bots- og bønadedag, 30. oktober 2022

Preiketekst: Luk 15,11-32

Lesetekst I: Mika 7,18-19

Lesetekst II: 2. Kor 13,5-8

Bots- og bønadedag

Om dagen

På ein søndag då vil lurer på om vi kan seie noko nytt frå ei velkjend tekst, kan vi i alle fall ta med oss at dagen for nokre år sidan la av seg det arkaiske ordet «bededag» til det godt norske «bønadedag». Eit tips til norske bedehus: Kva ville reaksjonen vere om alle husa våre fekk nemninga «bønehus»? Nokon hadde sperra augene opp, og for nokon av oss hadde det kanskje blitt til ettertanke – og bot?

Denne dagen i kyrkjeåret, kvart år siste søndag i oktober og slik sett oppspelet til helgemessesøndagen sitt kall til heilag vandring mot målet, er historisk ikkje veldig gammal. Dvs., i kyrkja si historie har det jamt vore halde bønadedagar ved ulike hendingar og høve av dramatisk karakter. Som fast søndag i kyrkjeåret i dansk og norsk kyrkjeliv er den «berre» frå 1686. Frå først av kom den fredag (kyrkja sin store fastedag historisk) før helgemesse, men sidan 1950 flytta til søndagen før.

Leseteksten frå Mika er ei lita perle som svarar veldig godt til hovudsaka i evangelieteksta. For meg er leseteksta frå 2 Kor 13, derimot, litt malplassert; ikkje på dagen, men opp mot dei to andre tekstene.

Om teksta

Vi er mest vande med å kalle dette historia om den bortkomne sonen, men burde vi ikkje endre det? Den kjende teologen og pastoren Tim Keller i New York understrekar kor viktig det er at vi oppdagar at det er to bortkomne søner i Jesu forteljing. Begge er opptatt av fars eigedom; ingen av dei er opptatt av relasjonen til far. Kontrasten til dette er faren, som i alt som han seier, uttrykker lengt og kjærleik til begge dei to bortkomne sønene sine.

Den boka som Tim Keller har skrive om likninga, heiter «The Prodigal God». Det kan vi smake litt på. På engelsk går historia elles under namnet «The Prodigal Son». Det seier likevel noko anna enn vår vanlege nemning, «Den bortkomne sonen». *Prodigal* betyr nemleg ikkje bortkomen, men sløsende. Rimeleg nok, for han drog og sløste bort alt.

Arv og ære

Men tenk om den som verkeleg sløsar, er faren? Han held ikkje guten under tvang, men let han fare med heile sin tredel av arven. Han ausar ut kjærleiken sin og ofrar heile si sosiale ære i måten han møter den heimkomne på. I semittisk kultur delte ikkje ein mann ut arv til ein som slik eigentleg erklærte far for død. Kravet om arven kunne ikkje forståast annleis.

Ein far som var erklært død, verken venta eller ønska son sin tilbake. Han heldt son sin for død. Og ein høgboren jøde på Jesu tid løfta ikkje kjortelen, sprang av garde og omfamna ein fillefrans utan å miste ære. Her er ein atypisk far som ofrar si eiga ære for å kunne ause ut kjærleiken sin. Ein sløsende – og lenge ventande og lengtande – far. Litt sånn som den litt rare bonden Gud blir samanlikna med, som sådde også der sjansane for haust var minimale.

Kva så med den eldre broren? Tim Keller seier, ut frå sine grundige studium i denne likninga, at i den grad den bortkomne skulle stoppast, sjåast til eller hentast inn på si ville ferd, var det den eldste broren sitt ansvar. I det jødiske samfunnet var det forventat at den eldste, han som arva to tredelar, gjorde det som måtte til for om mulig å stoppe og berge broren.

Slik skulle han berge fars ære. Ingenting i forteljinga indikerer at storebror nokon gong gjorde det. Tvert om er det tydeleg på heile reaksjonen, då festen var i gang, at han foraktar far sin slik han lenge har forakta bror sin. Alt han fokuserer på er kva som er hans, og på det sløseriet som far gjer med storebrors eigen arv. Ingen relasjon, ingen kjærleik, inga glede. Han er på heimegarden, men lyset er sløkt i livet hans.

Restituert relasjon

Heller ikkje veslebror kan seiast å kome heim på noko som kan kallast ein farbar veg til frelse. Vi treng ikkje snakke ned erkjenninga av å ha synda mot himmelen og mot far, men opprøret hadde vore så stort, at det skulle berre mangle. Veggen han ser for seg framover, er verken å bli restituert som son eller å bli tenar med bustad på heimegarden. Han ber om å bli leigekar, ein som etablerer seg utanfor heimen for så å bli leigd inn som dagarbeidar. Kvifor? Ganske sikkert for å tene pengar til å kunne betale tilbake sløseriet.

Men til Guds farshjarte kan ingen av oss betale oss. Han gir gratis det vi aldri kan oppnå. Om Gud enn lar oss gå våre eigne vegar – den fridomen er òg ein demonstrasjon av kjærleik, står han alltid klar til å restituere relasjonen. På eigen kostnad og utan vår betaling held han tidenes fest på garden. Gjokalvar blei ikkje slakta i utrengsmål. Kva tenkte alle inviterte naboar om slik framferd?

Då får vi gå tilbake til den eldste sonen. Han sette vel ord på den forakta som mange kjente. Om Jesus sikta til dei skriftlærde og farisearane med den figuren, er truleg, men det bør ikkje få for mykje vekt. For alle oss som aldri gjekk vekk, er han ein aktuell person. Uansett står vi overfor ein storebror som svikta. Han svikta både far, bror og heile gardsfelleskapet då veslebror drog. Han viste det harde og sjølvsentrert hjartet sitt då den døde blei levande.

Alle som på eitt eller anna tidspunkt i livet villar seg bort, treng ein real storebror. Slik blir Jesus sjølv ein unemnd og avgjerande rollefigur i dramaet. Han blei vår bror, og han, jøden Jesus frå Nasaret, stilte opp slik vi skulle forvente at farisearar og skriftlærde, enten vi er jødar eller heidningar, burde. Han, Guds son som blei menneske, handlar ut frå Guds

farshjarte, ber oss innstendig om ikkje å gå bort, leitar oss opp, inviterer heim, ja, som i ei av likningane framom denne; han ber oss eigenhendig heim på skuldrane sine.

Til preika

Dette får bli kort. Eg er allereie langt inn i preikestoffet i punktet framom. Teksta legg vekt på «bot» meir enn «bøn», kanskje. Ordet «bot» høyrer litt tungt ut, men forkynninga denne søndagen må kalle bortkomne kjærleg heim, og hjelpe alle oss om ser ut til vere heime, til å oppdage og elske Guds relasjon framfor Guds gåver. Dette ligg tett på freistinga i vår kultur, slik ein afrikansk leiar sa til meg for nokre år sidan: «De vestlege kristne står i fare for å bli så opptatt av å dyrke (*worship*) velsigningane (*the blessings*) at de gløymer å tilbe (*worship*) Velsignaren (*the Blessor*).»

Det er kallet frå han som velsignar til relasjon med seg, som må forkynnast denne bots- og bededagen, kva anna og forgjengeleg kjærleik vi elles treng å vende oss frå. La oss følgje kallet frå vår sanne storebror i denne historia om «den lengtande og ventande faren». Han som gjer vår bot til tidenes fest.

Rolf Kjøde

Førstelektor, NLA Høgskolen Bergen

Rolf.Kjode@nla.no